



KLIMAKAMERATANE: Neste haust startar Voss jordbruksskule opp med eit tilbod i Klima, energi og miljøfag. I nært lokalt samarbeid med Voss Energi og Indre Hordaland Miljøverk. Måndag presenterte skulen det nye tilbodet. Frå venstre: prosjekt- og utviklingssjef Yngve Tranøy VE, rektor Svein Inge Styve, rådgjevar Anders Finne og info- og miljøleiar Ellen Trulsdatter Astrup IHM.

Bryt nytt utdanningsland

■ Voss jordbruksskule med klima, energi og miljøfag

Som den andre skulen i landet, og den første på Vestlandet, kan Voss jordbruksskule frå neste haust tilby ei realfagbasert, praktisk retta, utdanning innan klima, energi og miljøfag.

Voss jordbruksskule har lenge jobba med tanken om å etablere ei utdanning innan klima- og miljøfag, utan heilt å finna den rette modellen. Det var kontakten med Hvam vidaregåande skole i Akershus, den einaste i landet med ei slik utdanning, som kveikte ljuset i tunnelen. I tre kvart år har skulen no jobba med å få alle brikkene på plass, og frå 1. august 2012 er opplæringsstilbodet KEM (Klima, energi og miljøfag) ein realitet ved Voss jordbruksskule.

Samarbeidspartnarar

Dei 12-15 første elevane kan ta til på ei utdanning som gjev dei spesiell studiekompetanse og som har nok fordjuping i matematikk og fysikk til at det stettar krava til sivilingeniøruddanning og all naturvitskapleg utdanning.

Det nye fagtilbodet vil innebera ei styrking av det eksisterande realfaglege miljøet på skulen. I tillegg har jordbruksskulen alliert seg med tre viktige samarbeidspartnarar som skal bistå med gjesteforelesarar, i feltarbeid og med geofysisk forskingsutstyr og kapasitet.

Lokalt samarbeider Voss jordbruksskule med Voss Energi og Indre Hordaland Miljøverk. I tillegg samarbeider skulen med Geofysisk institutt, herunder Bjerknessenteret, ved Universitetet i Bergen. Ei utvekslingsordning mellom Hvam vgs og Voss jordbruksskule vil også styrkja breidda i utdanninga.

Praktisk

Det nye skuletilbodet vart presentert på Voss jordbruksskule måndag, med info- og miljøleiar Ellen Trulsdatter Astrup frå IHM og prosjekt- og utviklingssjef Yngve Tranøy frå Voss Energi til stades. Begge dei to poengterte at dette skal verta ein vinn-vinn-situasjon for alle partar, og at Voss som bygd kan nytta godt av posisjonen som pilotkommune for klima- og miljøfag.

Sjølv om den endelege timefor-

delingsplanen for den treårige utdanninga enno ikkje er lagt ferdig i detalj, er det ein klar føresetnad at dette skal vera ei praktisk orientert utdanning, der studentane får inn mykje nyttig teori gjennom å sjå og røyna kva som skjer ute i naturen og gjennom dei praktiske øvingane og feltarbeidet dei skal gjennom. Dette skjer i tett samarbeid med Voss Energi og IHM. I tillegg får elevane tilgang til Geofysisk institutt ved UIB sitt meteorologiske observasjonsnett, noko som gjer dei i stand til å gjennomføre måleaktivitetar innan klima.

– Me jobbar aktivt for auka rekruttering til våre fag, og me ser at me gjennom dette nye tilbodet kanskje kan utvikla nye tilbod og retningar i vår bransje. Dette gjeld ikkje minst forskning og utvikling som går på fleksibilitet i bruken av alternative varme- og energikjelder, seier Tranøy. Han peikar på at VE alt samarbeider med IHM i selskapet Hordaland Bioenergi.

– Namnet seier noko om intensjonane me har, og nedslagsfeltet me siktar mot. Men bioenergi er nybrottsarbeid, og her er det svært mykje som kan optimaliserast, seier Tranøy – og er alt på banen

med spennande emne for spesialisering.

Ellen Trulsdatter Astrup har kanskje ikkje så mange konkrete driftsprosjekt å lokke med, men det finst meir enn nok å ta tak i innanfor IHM sitt verkefelt. Endringar i deponiforskriftene gjer til dømes at restavfall i dag vert transportert til Sverige for brenning. IHM jobbar no med metodar for å kunna handsama dette lokalt. Haldningsskapande arbeid er eitt av IHM sine viktigaste satsingsområde. Her er det ein lang veg å gå.

IHM samarbeider alt i dag med Voss jordbruksskule, mellom anna i samband med sertifiseringa av skulen som den første miljøfyrtårnsskulen i Hordaland fylkeskommune. Like eins arbeider IHM med å miljøsertifisera dei store arrangementa, gjennom eit samarbeid med Festival Voss. Astrup ser føre seg ei framtid der alle som kjem til Voss kan vera trygge på at miljøfokuset i bygda er gjennomført til minste detalj.

Veksande

Frå 2015, same året som det første kullet med nyutdanna KEM-studentar kan forlata skulen, skal

Voss jordbruksskule verta ein av to vidaregåande skular på Voss. Men alt no er skulen i vekst. I fjor passerte søkjartalet 200, og i inneverande skuleår har skulen 170 elevar, frå 28 kommunar – fordelt på 12 klassar. Likevel skal noverande skule klara å ta to elevar til det nye studiet.

– Me går litt varsamt ut og tenkjer oss 12 elevar som startar til hausten. Men skulle interessa tilseia det, kan me nok også klara 15, seier rektor Svein Inge Styve og rådgjevar Anders Finne. Og begge er klare på at skulle det nye tilbodet verkeleg slå til, vil det ikkje vera noko hinder for at det kan opprettast parallelle klassar.

Det nye studietilbodet vil innehalda dei tradisjonelle faga, og i tillegg tilby ei grundig fordjuping i realfaga matematikk og fysikk og i emne som naturbasert aktivitet, naturbasert produksjon, produksjon og tenesteyting, naturforvaltning, geofag og teknologi og forskingslære.